

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre, AU  
**Møtestad:** Telefonmøte, Aurland  
**Dato:** 20.02.2013  
**Tidspunkt:** 09:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Erik Ringkjøb	Nestleder	VOSS
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

---

## Merknader

Hans Erik Ringkjøb deltok med svar på e-post.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 1/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/13	Stølsheimen landskapsvernområde - Løyve til kjentmannskøyning for Røde Kors Sogn og Fjordane		2013/605

Arkivsaksnr: 2013/605-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 08.02.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	2/13	20.02.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - Løyve til kjentmannskøyring for Røde Kors Sogn og Fjordane

### Innstilling frå forvaltar

Arbeidsutvalet for Stølsheimen verneområdestyre gjev Røde Kors Hjelpekorps Sogn og Fjordane løyve til:

- Inntil 2 kjentmannsturar med to snøskuterar langs fylgjande rute:  
Riksveg 13 – Sendedalen – Selhammarhytta – Åsedalen – Solrenningane.  
Ruta er den same som vert kvista i regi av Bergen Turlag.

Løyve er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, og med fylgjande vilkår:

- Bruk av snøskuter i perioden 20. februar til og med fredag 22. mars 2013, med unntak av søndagar.
- Min. ein av turane skal så langt det er praktisk mogleg leggjast på same tid som Voss Røde Kors Hjelpekorps kvistar vinterruta frå rv. 13 til Solrenningane.
- Omfanget av snøskuterkøyring skal avgrensast til ruta som er skissert, og til det som er strengt naudsynt. Kjentmannstur til Solrenningane er berre naudsynt dersom ruta vert kvista.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/ Nils Kvamme (mob. 95730615), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Dato og talet på snøskuterar som var med på turane skal rapporterast til verneområdeforvaltar innan 1. juni 2013.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast naudsynt løyve etter lov om motorferdsel i utmark frå grunneigarar og kommunar.

## Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.02.2013

### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### Vedtak

Arbeidsutvalet for Stølsheimen verneområdestyre gjev Røde Kors Hjelpekorps Sogn og Fjordane løyve til:

- Inntil 2 kjentmannsturar med to snøskuterar langs fylgjande rute:  
Riksveg 13 – Sendedalen – Selhammarhytta – Åsedalen – Solrenningane.  
Ruta er den same som vert kvista i regi av Bergen Turlag.

Løyve er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, og med fylgjande vilkår:

- Bruk av snøskuter i perioden 20. februar til og med fredag 22. mars 2013, med unntak av søndagar.
- Min. ein av turane skal så langt det er praktisk mogleg leggjast på same tid som Voss Røde Kors Hjelpekorps kvistar vinterruta frå rv. 13 til Solrenningane.
- Omfanget av snøskuterkøyring skal avgrensast til ruta som er skissert, og til det som er strengt naudsynt. Kjentmannstur til Solrenningane er berre naudsynt dersom ruta vert kvista.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/ Nils Kvamme (mob. 95730615), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Dato og talet på snøskuterar som var med på turane skal rapporterast til verneområdeforvaltar innan 1. juni 2013.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast naudsynt løyve etter lov om motorferdsel i utmark frå grunneigarar og kommunar.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Røde Kors Sogn og Fjordane 2013

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter, MD 31.01.2013

Røde Kors Sogn og Fjordane søker om løyve til kjentmannskøyring i Stølsheimen landskapsvernområde for 2013. Rutene dei søker om er:

- Frå riksveg 13 og vestover frå Målset inkludert punkt som Skjelingavatnet, Bjergane, Sendedalen, Selhamar, Rappen, Åsedalen og Solrenningane.
- Frå riksveg 13 og austover frå Målset, via Svinadalsholtane/Vikjadalen og område Fresvikbreen.

Andre kulepunkt: austover frå riksveg 13, er utanfor Stølsheimen landskapsvernområdet og vert ikkje handsama av verneområdestyret.

Fresvikbreen er innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde og vert handsama av Nærøyfjorden verneområdestyre.

Fylkesmannen har tidlegare år (ref. 2009/503) gjeve fleirårige løyve til kjentmannskøyring i verneområde. For Stølsheimen har dette vore to turar på ei rute frå riksveg 13 og vestover frå Målset – Skjelingavatnet – Selhammarhytta – Rappen – Bjergane. Ruta har vore godkjent av Politimesteren. Søknaden i år er i hovudsak ei vidareføring av tidlegare løyve.

Kjentmannsturane skal vera ein del av ein øvingsplan godkjent av politiet, jf. retningslinjer frå MD. Retningslinjene frå departementet kom 31.01.2013. Det har vorte for liten tid for hjelpekorpsa til å utarbeida ein øvingsplan i tråd med dei nye retningslinjene for denne sesongen. Det vert difor søkt om eit løyve for 2013 basert på tidlegare godkjente løyve.

Etter «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder» datert 31.01.2013 skal søknad om kjentmannskøyring behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot Vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom Sikkerhetshensyn eller hensyne til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*

### **Vurdering**

Verneområdestyret skal etter retningslinjene vurdere søknaden etter fyrste setning, «...*ikkje er i strid med vernevedtakets formål, og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig..*».

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta pkt. III: «*Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske*».

Friluftsliv er eit av verneformåla og førebyggjande redningsteneste er viktig for allmennheiten sin utøving av friluftsliv. Dei har bruk for å gjera seg kjent i område kor det er sannsynleg at det kan verta gjennomført redningsoppdrag, både for å kunne gjennomføra oppdrag på ein effektiv måte, og for å sikra eigne hjelpemannskap.

I dei nye retningslinjene frå departementet er det definert eit klart skilje mellom øvingsverksemd og kjentmannskøyring. Øvingsverksemd skal leggjast utanfor verneområda, men redningstenesta er «...*til en viss grad være avhengig av mulighet for øvingskjøring og i praksis særlig kjøring for å bli kjent («kjentmannskjøring»)...*».

I søknaden for 2013 er det søkt om ein del utvidingar av det tidlegare gjevne løyvet, mellom anna fleire snøskuterar per tur for å ta med nabokorps på kjentmannsturar, fleire turar og nokre

nye ruter, utan at det inngår i ein plan som er godkjend av politiet no. Voss Røde Kors Hjelpkorps har kvisting for Bergen Turlag på vinterruta frå rv. 13 til Solrenningane. Det er ein god moglegheit for kjentmannstur saman med nabokorps om hjelpekorpsset til Sogn og Fjordane Rødekors har felles kjentmannstur med Voss Røde Kors Hjelpkorps på deira tur med kvisting.

Det nærmar seg påske og høgsesongen for skiturar i fjellet, og me har forståing for at det hastar for redningstenesta å komme i gang med kjentmannskøyring for å førebu beredskapen. For å kome i mål tidsmessig, ser me det derfor som ein fordel om søknadane kan behandlast som hastesaker av arbeidsutvalet, i staden for å vente på neste møte i verneområdestyret. I retningslinjene for delegering av mynde til arbeidsutvalet kan dei behandla søknader om fornying/forlenging av tidlegare gjevne løyve. Arbeidsutvala kan difor som hastesak gje nytt løyve for 2013 på nivå med løyvet som gjaldt 2010 – 2012, men ikkje utvide dette løyvet slik det vert søkt om. Den største utfarten i Stølsheimen om vinteren, er på den kvista løypa inn Sendedalen til Selhammar, Åsedalen og Solrenningane. Solrenningane er den turisthytta som har færrast overnattingar om vinteren. Kjentmannstur inn til Solrenningane er berre naudsynt dersom det vert kvista rute til Solrenningane.

Røde Kors bør - saman med politi, Statens naturoppsyn og verneområdeforvaltninga - så snart som mogeleg etter skisesongen setje i gang planlegging av øvingsplan og naudsynt kjentmannskøyring for 2014 og åra framover i samsvar med retningslinjene frå Miljøverndepartementet og verneforskriftene. Då kan verneområdestyra i god tid før neste sesong behandla gjennomarbeidde søknader om løyve til kjentmannskøyring på bakgrunn av øvingsplan, verneforskrifter og forvaltningsplan for verneområda. Dialog kring utviding av løyvet slik det vart søkt om frå Røde Kors for 2013 vil vere ein naturleg del av den prosessen.

Vurdering av søknaden etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Me meiner kunnskapsgrunnlaget når det gjeld bruk av området er bra. Snøskuteraktiviteten kan påvirka naturverdiane gjennom forstyrring og støy, men denne påverknaden vil vera midlertidig. Spora etter snøskuter vil heller ikkje vera varige.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Avgrensa køyring på faste ruter og eit avgrensa tidsrom, vil avgrensa påverknad på naturverdiane. Det vert sett vilkår om å ta omsyn til naturen, og Statens naturoppsyn kan stoppa køyringa av omsyn til naturverdiar, særleg med tanke på villrein i området. Føre-var-prinsippet er tillagt liten vekt i denne saka.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Rutene for kjentmannskøyring er lagt til dei rutene og områda der det ferdast flest folk vinterstid, og der det er mest sannsynleg det kan koma redningsoppdrag. Denne avgrensinga reduserer det samla behovet for kjentmannskøyring. I tillegg er det sett vilkår om felles køyring mellom korpsa som kvistar løypa, og korpsa som har kjentmannskøyring.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Dette punktet vert vurdert til ikkje og vera relevant for denne saka.

§ 12 Miljoforsvarleg teknikkar og driftsmetode: Dette punktet vert vurdert og ikkje og vera relevant i denne saka.